

Fra: Per Kårbø <per.karbo@outlook.com>
Sendt: torsdag 2. februar 2023 14:19
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Lonena aust ,planflate 3

MERKNAD nr 2

Dato for merknad er utsett til 12.02.23, difor dette tillegget

Har prøvd å få betre oversikt i saka og er blitt fortalt at denne utvidinga av E39 er rekkjefølgjekrav pga av det område overfor Brekkeløypa, som skal byggjast ut at Statens Vegvesen nyttar høvet til utbygginga som blir betalt av andre

Etter første merknad, har oppmerking med stikker funne stad på min eigen tomt, (188/437)og då er eg både overraska og indignert.

Han som sette ned dei tre stikkene sa ved kvar stikke, »dette er voldsomt»

,
OPUS sine opplysningar om 3-4m er blitt til 5-6 m, det endrar svært mykje.

For å orientera meg litt gjekk eg inn på eigedommen som ligg på sørsida av krysset. Etter å ha sett vel og lenge på alle stikkene som gjekk i ein halvsirkel og som gjekk 2,5m frå trappetrinna framfor inngangsdøra, utbraut eg høgt for meg sjølv.
EIT SLIKT SAMFUNN VIL VI IKKJE HA

HÅRREISANDE

Eg har den tillit til dei politikkarane, som skal avgjera dette, ville ha same reaksjonen som eg hadde spontant om dei sjølv ville fått europavegen 2,5m frå trappa si.

KONKLUSJON

Framlegget , slik det no ligg føre , må endrast radikalt

Mvh
Per Kårbø

Sendt fra [E-post](#) for Windows

Fra: [Per Kårbø](#)
Sendt: tirsdag 10. januar 2023 kl. 12:32
Til: post@alver.kommune.no
Emne: Lonena aust ,planflate 3

Merknader frå Per og Grethe Kårbø, gnr/bnr 188/437

Møtet 06.01.22 fann stad ved krysset mellom E39/Lonsvegen og alle hagane skulle besøkjast. Slik vart det ikkje, tida, iflg, Opus strakk ikkje til,

trapperså vi på sørsida fekk ikkje peika på kva vi var opptekne med.

Litt historikk

Vi bygde hus og flytta inn i 1985

På 1990-talet, då Atle Kålås var ordførar; vart det lagt fram planar med fem ulike alternativ for korleis E39 skulle gå gjennom Knarvik.

Eg skreiv då eit innlegg og saman med mange andre besøkte vi 333 trapper og fekk 331 underskrifter for plan D, som innebar tunnell frå Hagelsundbrua til Gjervik, kostnad 138 mill. Lindås kommunestyre vedtok samrøystes det innbyggjarane hadde gått inn for.

Nye kommunerepresentantar kom til, og visste ikkje om vedtaket og det heile enda ut i sanden, Reultatet av det heile er rundkjøringa ved Knarvik Senter, der Senteret var svært aktive.

Åra gjekk, det kom fortau langs vegen på nordsida og seinare rekkverk. Parallelt med dette har det føregått stor utbygging av leiligheter langs

Lonsvegen. Resultatet er at bilar frå E39 til Lonsvegen stoppar trafikken på E39. Vi ser at noverande kryss er underdimensjonert for dagens trafikk og treng både avkjøringsfil og påkjøringsfil

Vi har stor hage og i den lyse årtida tilbringar vi mange timar der, MEN vi kan forsikra om at talet på gåande er svært lite og ser vi ein eller to syklistar for dagen, ja så vekkjer det oppmerksomhet. Her vil ein altså laga eit ekstra felt for syklistar.

Og endå ein digresjon

Dei aller fleste som bur i dei nye leilighetene er 65+ Eg kjenner mange, dei kjører bil så lenge dei kan, sidan går dei, då får dei også litt trim. Yngre menneske, slike som sit med teiknebrettet, manglar sjølvsgt erfaring med at med alderen minkar balansen, folk vågar ikkje å sykla, så KVEN BYGGJER DE SYKKELFELT FOR??? Vi forventar at de er litt meir realitetsorientert

Sjølvsgt vil vi at de tek minimalt av tomten vår og vi krev

At jorda som de fjerna, r vert lagt inn i hagen og lagt flatt

At steinmuren mot vegen vert lik dei andre naboane sine murar

At det vert sett opp ein støyskjerm oppå muren med størst mulig effekt og som er minst 1m høg

Personane frå Opus understreka fleire gongar at vi ikkje skulle tapa noko

Mvh

Per Kårbø